

Olden 23.02.2018

## Orientering til stiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune

Styret for Stiftelsen William H. Singer jr's og Anna Brugh Singers Minde (heretter: Singerheimen) vil med dette orientere stiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune om at Singerheimen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Vi vil også orientere om kva moglegheiter vi ser for å betre stoda, og inviterer til ein nærare dialog om framtida for Singerheimen.

### Bakgrunn

Trass i fylkeskommunalt tilskot på kr 250 000 og tilskot frå Stryn kommune på kr 50 000 årleg, har ikkje Singerheimen klart å drive med økonomisk overskot. Driftsinntektene i løpet av nokre sommarmånader er ikkje store nok til å forsvare fortsatt drift på det nivået som har vore. Singerheimen har per no ikkje ledig likviditet, og vi har bede fylkeskommunen om forskot på driftsstøtte frå kulturmidlane for 2018. I denne situasjonen har styret bestemt at vi ikkje kan ta på oss ansvaret med å tilsetje ny dagleg leiar for sesongen 2018. Drifta vil på kort sikt bli ivareteken på eit minimum-nivå ved hjelp av lokale eldsjeler med tilknytning til staden.

Eigedomen med bygningar ber preg av manglande vedlikehald. Styret har i løpet av dei siste åra likevel fått gjennomført ein del reparasjonsarbeid og utskifting av tak for å sikre at bygningane ikkje forfell ytterlegare. Til dette arbeidet har vi fått tilskot blant anna frå Kulturminnefondet og UNI-stiftinga. Men, ved desse tilskotsordningane må Singerheimen og bidra med egne kontante midlar; noko som også har bidrege til at kassen er tom.

Styret har vidare gjort fleire forsøk på å få inn privat kapital til drifta, men har så langt ikkje lukkast med dette.

### Kva vil vi gjere?:

Med bakgrunn i denne situasjonen gjorde styret for Singerheimen den 18. januar 2018 slikt vedtak:

1. Etablere dialog med Stiftingstilsynet om kva moglegheiter Singerheimen har vedkomande avvikling av stiftinga eller sal av eigedomen.
2. Orienterer stiftar (Sogn og Fjordane fylkeskommune) om kva moglegheiter styret vil arbeide vidare med og eventuelt etablere ein dialog om vidare framdrift med tanke på å få inn ein privat investor.

Til punkt 1 ovanfor: Vi hadde telefonmøte med Stiftingstilsynet den 8. februar 2018. I følgje Stiftingstilsynet må vi fyrst sjå på føremålet i vedtektene og freiste å vere tru mot desse. Vedtektene seier ikkje direkte at stiftinga skal eige Singerheimen, men Singerheimen skal takast vare på og drivast på ein verdig måte. Vidare gjev lova moglegheit for at styret kan endre føremålet dersom det er naudsynt. Styret kan også med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fisjonere stiftinga. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha høve til å gje fråsegn.

I vedtektene til stiftinga § 2 står det:

*Stiftinga har som føremål å ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dalheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane. Eigedomen skal vere open for omvising i avgrensa periodar etter nærare*

*vurdering av styret. Eigedomen kan elles brukast til møte, konferansar og selskapsarrangement. Ved all bruk av eigedomen skal det takast omsyn til at bruken ikkje medfører slitasje eller skade på bygningar, inventar, kunstgjenstandar m.v. Stiftinga har ansvar for å halde gravstaden til ekteparet Singer og studioet i ein ulasteleg og verdig stand.*

Styret vurderer det slik at lova opnar for at vi kan selje Singerheimen til private. Det er ønskjeleg å gå i den opne marknad gjennom ein meklar. Prospektet må innehalde atterhald om godkjenning hos Stiftingstilsynet. Dessutan må det vere eit sal med forhandling, der vi søker å ivareta opphaveleg føremål med stiftinga i høgast mogleg grad, samt sikre kunsten og verneverdige verdiar. Vi kan også sjå føre oss ei delt løysing der Stiftinga blir oppretthalden og framleis står som eigar av mausoleet og studioet, men sel resten av bygningsmassen. Dersom det ikkje lukkast å selje Singerheimen med klausular, må vi vurdere å selje heile eigedomen i den opne marknaden utan sterke bindingar.


Dersom heile eigedomen vert selt og stiftinga Singerheimen vert avvikla, vil Stiftingstilsynet ta i vare rolla med å ettersjå at eventuelle klausular ved sal vert ivaretekne. Dersom vi gjennomfører eit delvis sal og at stiftinga Singerheimen består, vil stiftinga Singerheimen ha tilsvarande tilsynsfunksjon.

Styret for Singerheimen ber om at denne orienteringa vert lagt fram for aktuelle politiske organ i fylkeskommunen. Vi vil gjerne ha dialog om situasjonen og dersom mogleg, ta omsyn til eventuelle fråsegn i vårt vidare arbeid.

Med helsing for stiftinga Singerheimen



Åsne Folstad  
styreleiar



Stig Vattekar  
nestleiar styret

Kopi: Stryn kommune